



Referanser:

Arkivsak: 26/01917-7

Saksdokumenter:

Til alle delgater Ungdommens kirkemøte 2026

Val Ungdommens kyrkjemøte 2026

Samandrag

Ungdommens kyrkjemøte skal velje kandidatar til ulike oppgåver på Ungdommens kyrkjemøte. Valkomiteen har sendt ut brev til alle delegatar, og har førebudd valet.

Valkomitéen som vart valt på UKM 2025 har vore:

Kilde Øverland, Oslo

Emma Edvinsen, Sør-Hålogaland

Jannike B. Johannessen ble valt av DnkU.

Forslag til vedtak

Ungdommens kyrkjemøte vel

- 1) Leder av Den norske kyrkjes ungdomsutval
- 2) 3 medlemmar av Den norske kyrkja sitt ungdomsutval for 2 år:
- 3) 3 representantar til Kyrkjemøtet 2027:
- 4) Vara representantar til Kyrkjemøtet
- 5) 2 medlemmar av valkomiteen for Ungdommens kyrkjemøte 2027:

Saksorientering

Bakgrunn

Valkomiteen til Ungdommens kyrkjemøte 2026 har ansvar for å finne kandidatar til vala under møtet.

Kyrkjemøte

Ungdommens kyrkjemøte skal velje tre delegatar til å reise på Kyrkjemøtet 2027.

Kyrkjemøtet blir arrangert 12.–15. mars i Trondheim, med formøte for delegatar som reiser på vegner av Ungdommens kyrkjemøte.

For dei tre representantane skal UKM 2026 òg velje vararepresentantar i rekkefølge. Leiar av Den norske kyrkja sitt ungdomsutval reiser òg til Kyrkjemøtet 2027.

Den norske kyrkja sitt ungdomsutval

Den norske kyrkja sitt ungdomsutval (DnkU) skal vere kyrkja sitt rådgivande organ i saker som gjeld unge sin situasjon i kyrkje og samfunn, både nasjonalt og internasjonalt. Utvalet skal bidra i førebuing og gjennomføring av Ungdommens kyrkjemøte, og kan òg på eige initiativ ta opp aktuelle saker innan sitt område.

Ungdommens kyrkjemøte skal velje:

- 3 medlemmar til DnkU for to år
- 1 leder av DnkU for to år.

DnkU har for skoleåret 2026/2027 satt opp møter i følgande ukar:

12-13. november, fysisk møte i to dagar i Oslo.

18.-24. januar, digitalt møte ettermiddag.

8-14. februar, fysisk møte i to dagar i Oslo.

19-23. april, digitalt møte ettermiddag.

23-29. august, fysisk møte i to dagar i Oslo.

8-14. november, fysisk møte i to dagar i Oslo.

I tillegg må møter og arrangement i mellom møtande påreknas, da DnkU representerer Den norske kyrkja i ulike råd og utval.

Møteplikt

For DnkU og representantar til Kyrkjemøtet 2027 gjeld det møteplikt. Dette er forankra i at «medlemmar av eit kyrkjeleg organ pliktar å delta i organet sine møte dersom dei ikkje har gyldig forfall», jf. kyrkjeordninga § 38 første ledd. Denne paragrafen gjeld òg organa i ungdomsdemokratiet, og kjem direkte til uttrykk i § 38 tredje ledd.

Valkomite

Dei som skal sitje i valkomiteen kan ikkje stille til val på neste års Ungdommens kyrkjemøte, verken som medlem til DnkU eller som representant til Kyrkjemøtet 2028.

Det er høve til å ta attval til valkomiteen dersom ein er delegat til møtet. DnkU nemner opp ein representant, og Ungdommens kyrkjemøte vel ytterlegare to medlemmar til valkomiteen.

Økonomiske/administrative konsekvenser

Valte medlem av Den norske kyrkjes ungdomsutval får dekt reise og opphald i forbindelse med møta i utvalet.

Valte medlem til valkomiteen for Ungdommens kyrkjemøte 2027 får dekt reise og opphald i forbindelse med Ungdommens kyrkjemøte 2027.

Valte representantar til Kyrkjemøtet 2027 i Trondheim får dekt reise og opphald i forbindelse med Kyrkjemøtet 2027.